

Fra: Marte Hagen Eriksrud (Marte.Eriksrud@hfk.no)
Sendt: 02.12.2013 16:06:33
Til: Arvid Ask (arvi-ask@online.no)
Kopi: Thorbjørn Aarethun; Torill Klinker

Emne: Møtereferat Moglegheitsstudien og ditt spørsmål om status jf. unnateke offentlegheit
Vedlegg: image001.png

Hei,

Viser til ditt spørsmål knytt til status for referat frå møtene i arbeidsgruppa for Moglegheitsstudie Fleslandsområdet.

Referat frå møtene er framleis unnateke offentlegheit, jf. Offentleglova § 14 1 ledd; «*Dokument utarbeidde for eiga saksførebuing (organinterne dokument)*».

I rettleiaren til Offentleglova står det følgjande om unntaket av innsyn for dokument (kap. 7.2.1); «*Offentleglova § 14 fyrste ledd slår fast hovudprinsippet om at eit organ kan gjere unntak frå retten til innsyn for dokument som organet har utarbeidd for eiga intern saksførebuing (...) Kap. 7.2.2.3. Særleg om utval, arbeidsgruppe osv.; Ei arbeidsgruppe som er oppnemnt av eit organ, til dømes eit departement, for å greie ut ei særskild sak, må normalt reknast som ein del av det organet som har oppnemnt ho. Intern korrespondanse mellom gruppa og organet vil det følgjeleg kunne gjerast unntak frå innsyn for etter § 14 fyrste ledd*».

I all hovudsak vart møtene i arbeidgruppa gjennomført slik; sekretariatet sendte ut eit utkast av moglegheitsstudien som underlag til møtet. I møtet var underlaget presentert og det var ei drøfting i arbeidsgruppa knytt til det utsendte materialet. Referat frå møtene er i stor grad innspel til kva endringar som måtte gjerast i sjølve dokumentet; Moglegheitsstudien Fleslandsområdet. Dette dokumentet er - som du kjenner til – offentleggjort i sin heilheit.

Eg vil vere tilstades på høyringskonferansen i morra.

Elles ta kontakt om du har ytterlegare spørsmål/moment du ønskjer ein prat om.

Venleg helsing

Marte Hagen Eriksrud
Rådgevar
Samferdselsavdelinga | Transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 90 75 |
www.hordaland.no |

Fra: Marte Hagen Eriksrud
Sendt: 29. november 2013 10:39
Til: Arvid Ask (arvi-ask@online.no)
Emne: Møtereferat Moglegheitsstudien og ditt spørsmål om status jf. unntatt offentlighet

Hei,

Viser til vår telefonsamtale to uker tilbake.

Jeg har en avtale med en av våre jurister som skal hjelpe meg med å få avklart ditt spørsmål angående status for møtereferatene fra arbeidsgruppa for moglegheitsstudien som ble unntatt offentlighet. Vil bare si at jeg ikke har glemt det og at jeg skal sørge for å få dette avklart slik at du får en tilbakemelding.

Venleg helsing

Marte Hagen Eriksrud
Rådgjevar
Samferdselsavdelinga | Transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 90 75 |
www.hordaland.no |